

## Motgang i kristenlivet



Les 1.Sam 17,31-37

David hadde vore gjetar for sin far. Han passa på dyra hans og beskytta dei mot rovdyr. Det var ein skikk i Israel at viss eit rovdyr drepte eit husdyr, så måtte gjetaren springe etter rovdyret og ta ifrå det dyreskrotten. Viss han ikkje kunne vise det sunnrevne dyret til eigaren, ville eigaren av dyret tru at gjetaren sjølv hadde drepe dyret for å få seg eit lite festmåltid. Det å vera gjetar var eit tøft yrke. Ein skulle ikkje berre skremma ville dyr vekk, ein skulle og ta opp kampen med rovdyr som fekk tak i sauer.

Sjølv om David trudde på Gud, så lot Gud det stadig kome løve og bjørn for å angripe dyra David gjette. Kvifor tillot Gud dette? Kunne ikkje Gud ha spart David for alle desse livsfarlige kampene mot villdyr? Var det nødvendig at David måtte risikere livet dag etter dag, når han hadde ein Gud som kunne ordne det slik at villdyra halt seg vekke?

Dette kan me ikkje veta svar på. Svaret veit Gud åleine, og hans planer klarer me ikkje forstå. (Jes 55, 8f).

Men det me veit sikkert, er at Gud kunne bruke desse hendingane til noko godt. Gud har hjelpe David til å drepe løver og bjørner (som ikkje akkurat er nokon smådyr). Dermed er David no viss på at han og vil hjelpa han med Goliat. David er ikkje redd, for han har erfart at Gud har ført han igjennom farer før. (Sal 23,4)

Kristne i dag opplevar og mykje motgang. Kanskje opplever du mykje motgang, og du synes Gud gjer ein dårleg jobb med å passe på deg. Du har då lov å vera sint, fortvila og trist. Det var Job. Gud klandra han ikkje for at han viste følelsane sine til Gud. Det Gud klandra han for, var at Job lot sin fortvilelse gå så langt at han meinte at han visste betre enn Gud. Han slutta å stole på at Gud har kontrollen. (Job 42,2-4)

Viss du har slutta å stole på Guds kontroll, så gjer som Job og sei: "Eg vil spørre deg, og du skal lære meg." Gud tilga Job, og han vart rikt velsigna. (Job 42,12a) Etter prøvelsane fekk Job nytta godt av meir velsignelse enn det han hadde gjort tidlegare.

Du kan få lov å tru at Gud kan bruke alt som skjer til noko godt. Kanskje vil den motgangen du møter gjer at du vert betre rusta til å møte ting seinare i livet. Kanskje vil Gud bruka deg på same måte som David til å gjera noko som ingen andre kunne gjera. Eller kanskje Gud prøver deg for din eigen del, slik han gjorde med Job.



1. Har du opplevd motgang som synes meningslaus?
2. Korleis vert David og Job velsigna etter at dei hadde vore igjennom motgang?
3. Har du eksempel på at Gud bruker vonde ting til noko godt?
4. Fines det følelsar me må skjula for Gud når me ikkje er einige med han?
5. Kva slags liv har Gud lova dei som fylgjer han?

**Utfordring:** Sett din lit til Guds plan. (Ordt. 3,5-7)



**Bønn:**

*Herren gav og Herren tok,  
solblank sjø og hav i kok.  
Harde slag og åpen favn:  
Lovet være Herrens navn!  
Gav han, var det salighet,*

*fryd som ingen grenser vet.  
Hver en dag som drog forbi  
Nåde var med glede i.  
Tok han, var det for å gi  
Signing, uførtjent og fri.*

*Vingårdsmannens kvasse kniv  
tuktet kun til evig liv.  
Salig visshet, stor og sann:  
Om han tar, så gir dog han!*